

## **Valnemnda sin prosess:**

Valnemnda har intervjuet alle sitjande om korleis utvalsperioden har vore og kva det vil vere viktig å fokusere på i samansetjinga av eit nytt utval. Grunna valnemnda si geografiske spreiding har alle intervjuet blitt gjort via Teams. Valnemnda har gått frå tre til to, og har derfor gjort alle intervjuet saman.

Basert på innspel frå medlemmar i utvalet har vi valt å leggje vekt på følgjande:

- Kandidatane er tilgjengelege, har tid og ynskjer å prioritere styrevervet
- Kandidatane har kunnskap om Norsk Folkehjelp sitt samfunnspolitiske arbeid og satsningsområder
- Kandidatane er samarbeidsvillige og fleksible.

## **Valnemndas innstilling:**

Årets valnemnd fekk mange gode innspel på kandidater, i tillegg til dei sitjande medlemmane.

Sammensetninga av utvalet er variert med tanke på erfaring, interesseområder og personlege eigenskapar, og valnemnda har stor tru på at dette er eit utval som vil samarbeide godt.

Valnemnda har tatt omsyn til kjønn til innstillinga av nye medlemmar, og derfor hatt ynskje om å innstille mannlege medlemmar. Valnemnda hadde i utgangspunktet også ynskja ei endå større geografisk spreiding sidan fleirtalet av styret sine medlemmar er busett på austlandet. Grunna aktive lag og medlemmar som ynskjer seg ein utvalsplass har vi ikkje kunne ta særleg omsyn til utvalet til geografiske spreiding.

## **Leiar:**

Ingrid Aspelund.

Ingrid har lang fartstid i Norsk Folkehjelp og kjenner organisasjonen godt. Ho har tidlegare hatt verv i sentralstyret i Solidaritetsungdom, og har no vore nestleiar i SPU sidan oppstart i 2019. Valnemnda i tenkjer at erfaringa Ingrid allereie har i frå arbeidet med utvalet er svært viktig når det nå blir eit heilt nytt utval. Derfor har vi trua på at Ingrid vil gjere ein god jobb som leiar for utvalet, og vi føreslår Ingrid som leiar for Samfunnspolitisk utval.

## **Medlemmar:**

Susan Hassan Abdallah

Susan har vært med i lokallaget på Stord siden 2009 og har sidan 2022 vært leiar Norsk Folkehjelp Sunnhordland. Ho var og med på å oppretta Ungdomsstyret i Sunnhordland i 2019 og har vært ei viktig drivkraft bak aktivitetar for born og ungdommar på Stord. Susan er også engasjert i lokalpolitikk og sit blant anna i kommunestyret på Stord, samt er med i ei rekke utval innanfor helse, omsorg og flyktningsarbeid. Susan er initiativrik og dyktig, og engasjerer seg blant anna for Palestina, inkluderingsaktivitetar og antirasismearbeid. Valkomiteen føreslår derfor Susan som medlem i Sentral Samfunnspolitisk Utval.

Gunnar Johnsen

Gunnar er tidlegare medlem i Solidaritetsungdom Bergen og har også vore i sentralstyret til Solidaritetsungdom, samt det siste året vore frivillighetskoordinator rundt arbeidet med nyankomne flykningar. Gunnar også har ein god del erfaring fra LO's sommerpatrulje og

arbeid med forskjellige fagforbund. Gunnar er engasjert i organisasjonsarbeid, antirasismearbeid, samt arbeidsrettigheter. Gunnar viser engasjement, struktur og god organisatorisk forståelse. Dette er eigenskapar vi tenkjer er bra i eit nytt utval. Valnemnda føreslår derfor Gunnar som medlem til Samfunnspolitisk Utval.

Eva-Lotta Sandberg

Eva Lotta var med å restarte lokallaget i Norsk Folkehjelp Fredrikstad og har siden 2015 dermed også vært i lokallagsleiar. Ho har dei siste åra vist et stort engasjement innan flyktning- og integreringsfremmande arbeid, samt inkluderingsarbeid, og har fått til mange flotte aktivitetar for nyankomne flyktningar i Fredrikstad. Valnemnda opplever at engasjementet hennar i lokallaget, har gjeve ho gode perspektiv på viktigheten av godt samarbeid mellom utval og lokallag, samt andre samarbeidsorganisasjoner. Basert på dette, trur vi at Eva Lotta vil gjere ein god jobb som medlem i Samfunnspolitisk Utval.

**Vara:**

Halvor Ravn Holøyen

Halvor er med i lokallaget i Kongsvinger. Han har også dei siste åra vore medlem i Organisasjonsutvalet. Den siste tida har han vore frivillighetsansvarlig på mottaket på Gardermoen. Halvor har ei lang fartstid innan ulike organisasjonar, fagforeiningar og i lokalpolitikk. Dette gjer at han har ei brei erfaring i frå ulike hald. Valnemnda opplev han som ein kunnskapsrik mann med eit stort engasjement. Basert på dette trur vi at Halvor vil gjere ein god jobb som vara i Samfunnspolitisk utval.

**Landsmøte delegatar:**

1. Ingrid
2. Susan
3. Gunnar
4. Eva-Lotta
5. Halvor
6. Rahil Al-Daraji

Vara:

1. Ammal M. Haj
2. Thea Tvetter Lysvik
3. Per Kristian Torp
- 4.
- 5.
- 6.

*Kjersti Slettemark, Ivi-Emilie Panayiotou, Nils Vidar Engelién (fram til 16.01.23)*

Valnemnda